

Med gode kort på hand



Barndomsvenninnene Jorunn Folkedal (t.v.) og Hilde Lyngås storkosar seg med hjarter, spar, kløver og ruter. BEGGE FOTO: GEIR ROMMETVEIT

76 bridgespelarar frå Vestlandet sat Kristi Himmelfartsdag inne på Rubbestadneset og spela kort i åtte intense timar. Og dei angra ikkje.

GEIR ROMMETVEIT
geir@sunnhordland.no

Det var meldt fint ver, men bridgeentusiastar frå Klepp i sør til Osterøy i nord ville heller melda stikk inne på Bømlo hotell. Den årvisse «maibridden» vart spela på Rubbestadneset Kristi Himmelfartsdag med 36 par i

hard konkurranse. Rubbestadneset er den store bridgeklubben i Sunnhordland, og etter at bridgeklubben på Stord kasta korta har fleire stordabuuar reist over bruene for å spela bridge ein gong i veka.

Ikkje berre pensjonistar Jorunn Folkedal og Hilde Lyngås (begge 47) vaks opp saman i Kårevik. Då dei var små, likte dei svært godt å spela kort, alle slags kortspel.

– Me vart einige om at når me vart pensjonistar, skulle me byrja med bridge, seier Jorunn Folkedal, som bur på Stord og spelar med bømblingane.

Ho er til og med i styret for Rubbestadneset Bridgeklubb.

– Men så fann me jo ut for ei tid sidan at me kunne ikkje venta til me vart pensjonistar, seier Hilde Lyngås, som no bur på Osterøy og spelar saman med barndomsvenninnna berre på denne turneringa.

– Nei, skal me bli gode må me byrja tidleg, ler Jorunn.

Elektronisk stokking

Alle dei 36 para får delt ut like kort i kvart spel, og dei



Veteran mot landslagsspelarar. Christian Bakke (t.v.), Rune Wickmann Haldorsen, Tor Bakke og Helge Halderaker.

spelar mange spel i løpet av dei åtte timane inne i finværet. Korta er stokka av ein datamaskin, og kvart kort har strekkode.

– Kunne de like godt ha sete heime kvar for seg og spela mot kvarandre på data?

– Ja, det går fint an, og det er mange som spelar mykje bridge på pc-en heime. Men det å møtast slik som dette er jo mykje meir sosialt og lærerikt, seier Jorunn Folkedal.

Landslagsspelarar

Helge Halderaker (83) var med og starta bridgeklub-

ben, og han er ennå ivrig bridgespelar. Me er inno for når han saman med Rune Wickmann Haldorsen spelar mot far og son, Tor og Christian Bakke frå Bergen. Bergensarane er begge landslagsspelarar.

– Noko av det fine med bridge er at alle kan vera med og alle har ein sjanse til å gjera det godt, seier veteranen.

– Og for meg er eg sikker på at bridgespelet er med på å halda korttidsminnet intakt, legg Helge Halderaker til, medan han lurar på om han skal våga å overgå meldinga til landslagsspelaren.

Folkefest!

TOUR DES FJORDS 29. MAI
BARNERITT

Møt verdensstjernene
FABIAN CANCELLARA
og ALEXANDER KRISTOFF
på Torget

SENDING I TV2 OG EUROSPORT I 64 LAND

TOUR DES FJORDS

SKL, SNY, salt, LERVIK SENTRUM, STORD AMEL, TENEO DATA, RAMIRENT, PACTA